



Vedlegg til søknad om kompetansemidlar

Søknad om midlar til internopplæring for å implementere velferdsteknologi i alle delar av helse- og omsorgstenestene

Lindås kommune har tatt i bruk velferdsteknologi i stort omfang heimetenesta, og er langt framme på dette området. Dei øvrige einingane i helse- og omsorgstenestene står no for tur, for i større grad å ta i bruk velferdsteknologi. Ut frå dei erfaringane som er gjort i heimetenesta i kommunen så langt, ser me eit behov for auka kompetanse og erfaringsdeling for at andre brukargrupper skal få ta del i denne utviklinga, og ta i bruk velferdsteknologi som kan auke tryggleik og eigenmeistring. Dette gjeld til dømes pasientar på sjukeheim, personar med utviklingshemming, personar med psykiske vansker og utfordringar knytt tilrus bruk, born/unge med omfattande hjelpebehov, m.fl.

For å få dette til, vil me bruke ressurspersonar i dei ulike einingane som har vidareutdanning i/kompetanse om velferdsteknologi, til å drive opplæring, informasjon og rettleiing av alle tilsette i dei ulike tenestene.

Tal tilsette som vil ta del i internundervising og få rettleiing undervegs i arbeidet med kartlegging, utprøving/igangsetjing av velferdsteknologiske løysingar, vil i dei tre eininga dette gjeld, verte om lag 80 personar.

Me søker difor om midlar til frikjøp av tilsaman 1 årsverk som vert fordelt på 5 - 6 ressurspersonar som skal undervise og rettleie tilsette i dei ulike avdelingane.

Søknadssum:	1 årsverk	kr. 456 500,-
Feriepengar	kr. 54 780,-	
Pensjon	kr. 76 920,-	
Arbeidsgjevaravgift	kr. 82 936,-	
Sum:	<u>kr. 671 136,-</u>	

Kommunen sin eigeninnsats vil vere tidsbruk og innleige av vikarar for tilsette som deltar på internopplæring, og i arbeid med kartlegging og utprøving av velferdsteknologiske løysingar for brukarane under rettleiing av ressurspersonane.

Knarvik 19.03.2018

Reidun Sæbdal Einingsleiar Eining for helsetenester	Simon Grandahl Einingsleiar Eining for sjukeheimstenester	Bernt Fjordheim Einingsleiar Eining for funksjonshemma
---	---	--